


# Ågotnes barnehage

Årsplan 2023/2024

*Visjon:  
Leikande, glade barn og  
natur  
hand i hand*



Barnehagen sin pedagogiske langtidsplan  
September 2023

## Innhold

Formål.....	3
Ågotnes barnehage .....	4
Retningslinjer for arbeidet vårt .....	4
Barnehagelova § 1 Formål .....	4
Den pedagogiske plattformen og verdigrunnlaget: .....	5
Omsorg, lek, læring og danning.....	10
Leik og læring .....	11
Danning .....	12
Barns medverknad.....	13
Samarbeid mellom heim og barnehage .....	14
Foreldresamarbeid .....	14
Samarbeidsutvalet.....	15
Foreldrerådet .....	15
Brukarundersøking .....	15
Overgangar .....	15
Oppstart i barnehagen .....	15
Overgangen frå liten til stor avdeling.....	16
Overgang frå barnehage til skule .....	16
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	17
Planlegging .....	17
Dokumentasjon .....	17
Vurdering.....	17
Personalsamarbeid.....	19
Barn som treng ekstra støtte.....	19
Arbeidsmåtar og fagområda .....	19
Fagområder og dei ulike aldersgruppene .....	19
Digital praksis .....	27
Dagen vår.....	28
Bursdagsfeiring.....	29
Dei eldste (Dinobarna) .....	29
Aktivitetar og tradisjonar i Ågotnes barnehage .....	30



# DEL 1

## Formål

Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap og gjev informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Årsplanen er tilpassa Rammeplan for barnehagen (2017)

Kontakt oss:

Telefon:

55096840

Epost:

[helen.pfeiffer@oygarden.kommune.no](mailto:helen.pfeiffer@oygarden.kommune.no)

## Ågotnes barnehage

Ågotnes barnehage er ein kommunal barnehage som ligg på Ågotnes. Barnehagen har 4 avdelingar med barn i alderen ca. 1 år til 6 år.

Avdelingane er Austavind, Sønnavind, Vestavind og Nordavind.

I barnehageåret 2023-2024 har vi ei avdeling med små barn (Austavind) og tre avdelingar med barn i alderen 2 til 6 år (Sønnavind, Vestavind, Nordavind). Dette kan variere frå år til år.

Vi følger pedagognorma og bemanningsnorma. Vi halder oss fagleg oppdaterte og leggjer tilrette for vidareutdanning og kurs.

Ågotnes barnehage er ein praksisbarnehage i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, og tek imot barnehagelærarstudentar.

Kvart år har vi lærlingar frå barne- og ungdomsfaget, i tillegg til at vi tek imot praksiselevar frå ungdomskule og vidaregåande skule..

Barnehagen har ei unik plassering i eit flott skogsterreng i nærleiken av vatn og sjø.

Barnehagen grensar til eit spanande friområde, idrettsanlegg/ fotballbaner, ulike bedrifter, skule og Frihuset.

Vi har eit flott naturområde for utfolding, leik og undring både innanfor og utanfor gjerdet. Vi arbeider med å leggje tilrette gode leikemiljø som barn kan trivast og utvikla seg i. Vi vil gje barna gode naturopplevingar gjennom å bli glade i naturen, bruke naturen og vere ute i all slags ver. Visjonen vår er: Leikande, glade barn og natur hand i hand.

Uteområdet er ein fin kombinasjon av ulike leikeapparat, sandkasser, småhus og skogsareale.

## Retningslinjer for arbeidet vårt

### Barnehagelova § 1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for

menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Rammeplan for barnehagen 2017

[Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](http://udir.no)

Vedtektene for kommunale barnehagar

[Vedtekter for kommunale barnehagar - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](http://oygarden.kommune.no)

## Den pedagogiske plattformen og verdigrunnlaget:

Barnehagelova par. 1: *«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og tradisjon. Verdier som kommer til uttrykk i ulike tradisjoner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»*

Definisjon i følge store norske leksikon: *Verdi, kvaliteten ved noe; det som er godt ved noe. En tings verdi sies gjerne å bestemmes med hensyn til hvordan vi bør gjøre våre vurderinger og beslutninger.*

Vårt arbeid i Ågotnes Barnehage bygger på synet om at alle mennesker er likeverdige. Vi skal møte barn og voksne med respekt. Gjennom lek og samhandling med andre barn utvikler barnet kompetansen.

Årsplanen til Ågotnes barnehage skal gjenspeile det som står i [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#), og gje foreldra og tilsette ei forståing av innhaldet og arbeidet vårt. Det er seks område som skal ha merksemd i formidlinga av den pedagogiske plattformen og verdigrunnlaget til barnhagen.

Det første er Barn og barndom. Rammeplanen seier at ”*barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt.*”

Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn. Barnet skal bli sett og høyrd og kjenne seg verdfull og unik. Dei vaksne skal verne om den gode leiken og bidra til at barnet trives i barnehagen. Dei vaksne er ansvarlege for at kvart einskild barn, uansett føresetnader, skal utvikle eit godt forhold til seg sjølv og tru på egne evner. Den vaksne skal vere støtte når barnet treng det, og vere ein god rollemodell, vere deltakar i leiken, og også fremje det positive i og rundt leiken gjennom coaching og skildrande kommentarar (Duå-strategiar).

Det andre er Demokrati - Barnehagen skal gje barnet innsikt i eit demokratisk samfunn. I kvardagen skal dei vaksne gje barna tid og rom til å ytre seg, bli høyrd og kjenne på at dei er ein del av eit fellesskap. Barnemøter eller samlingsstunder er ein god arena for å kunna sjå og høyre alle barna. Det er også ein møteplass kor barna skal oppleve at dei kan vere med på å påverke kvardagen sin.

Det tredje er Mangfold og gjensidig respekt- «*Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremme mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes mange måter å tenke, handle og leve på*».

Arbeidet vårt byggjer på synet om at alle menneske er likeverdige. Vi skal møte barn og vaksne med respekt uansett livssituasjon, familieform og religiøs bakgrunn. Gjennom blant anna prosjektarbeid og årstidsarbeid med dei høgtidstradisjonane som barna representerer, kan vi lære kvarandre å kjenne uansett nasjonalitet. Lærer vi om andre kulturar vil vi samtidig lære vår egen kultur å kjenne.

Det fjerde er Likestilling og likeverd «*Barnehagen skal fremme likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn*».

Barn og familiar i barnehagen skal oppleve at dei kan delta på alle aktivitetar uavhengig av familiesituasjon eller økonomi. Etter beste evne, prøver vi å markere ulike arrangement utan kjøpepress eller noko som krev betaling. Dei vaksne har fokus på å filosofere med barna heller enn å overføre rigide kjønnsrollemønster. I barnehagen skal barna få leike med det dei ønskjer, og leikane skal vere tilgjengelege for alle.

Det femte er Bærekraftig utvikling, eit av områdene barnehagen vil fordjupe seg i. «*Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for et bærekraftig samfunn*»

Barnehagen er omgjeven av natur. Vi har skogen både innanfor og utanfor gjerdet. Barnehagen skal overføre haldningar om å ta vare på naturen for komande generasjonar, respektere naturen og dyrelivet. Vi er opptekne av å kjeldesortere, og kvar avdeling har egne kjeldesorteringsbøtter slik at barna tidleg kan sjå kva type boss som skal sorterast til gjenvinning. Når vi er ute i skog eller på tur langs veien, tek vi alltid med oss bosset vårt tilbake. Vi har ekstra posar i sekken for å plukke med oss boss slik at det ikkje blir liggjande og er til skade for dyr og vegetasjon.

Det sjette området er Livsmeistring og helse. ”*Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing*».


Barnehagen har eit stort uteområde der barna får utfalde seg fysisk, og blir dermed stimulert motorisk og utfordra i ulendt terreng. Sjølv om barna liker å vere aktive og vere i rørsle, er dei vaksne ansvarlege for at kvart einskild barn får nok kvile i løpet av dagen. Ein liten kvil, ei eventyrstund, boklesing eller høyre på musikk kan vere nok til at barnet roar seg når det har vakse ifrå sovinga på dagen.

Personalet har motteke opplæring i **Dei utrullege åra-programmet**. Det gjer at vi arbeider ut ifrå ein felles plattform om å fremje sosial - og emosjonell kompetanse hos barn.

Eit viktig prinsipp i Dei Utrolige Åra (DUÅ) er å fokusere på den gode samhandlinga barn imellom, - og mellom barn og vaksne.



Leik og positivt samvære er ein beskyttande faktor for eit barn. Derfor fokuserer DUÅ på å fremje leik og positivt samvære mellom foreldre og barn, mellom personalet og barna, samt leik og positivt samvære mellom søsken og barn, mellom barna i skule, SFO og i barnehagen.




# LÆREPYRAMIDEN

Personalet har delteke i, eller skal delta i **Circle of Security (COS)**

COS skal bidra til å forstå barna sine behov betre, samt å forstå seg sjølv betre.

Kvart barn viser oss på ulike måtar kva dei vil, kva dei treng og korleis dei treng det. COS hjelper oss å forstå korleis vi skal tolka dei ulike signala til barna.

Dette er grunnlaget for å skape tryggleik og gode relasjonar mellom vaksne og barn.



Trygg i Felleskap-Modellen, som er sterkt forankra som plan for førebyggjing og oppfølging/tiltak ved mobbing/krenkinger. <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skule/mobbing/trygg-i-felleskap/>

Personalet er kursa kontinuerlig gjennom **Trygg i Felleskap**.

Målsetjinga for Trygg i Felleskap: å førebyggja og å redusera omfanget av mobbing generelt i Øygarden kommune, og sikre at mobbing blir avdekt og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge. Kapitel 8 i Barnehagelova omhandlar psykososialt barnehagemiljø:

Gjennom «Trygg i Felleskap»- kommunens anti-mobbeprosjekt, ønskjer vi i barnehagen å kartleggje og førebyggje mobbing blant barnegruppa. Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. I omsorg, leik og læring vil barna sin sosiale kompetanse både bli uttrykt og bekrefta ved at dei viser evne til å leve seg inn i andre sin situasjon og viser medkjensle. Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtfærd som diskriminering og mobbing.

Ingen barn skal være aleine eller bli halden utanfor i leik. Vi må lære barna leikekoder, rettleie og støtte dei.

Dei vaksne skal kartleggje og setje i gang tiltak når ein ser barn som fell utanfor eller foreldre opplever at barnet ikkje har det bra i barnehagen.

Vi har barneintervju om korleis barna trives kvart år, i tillegg til kontinuerlig obsevasjon. Dersom vi ser mobbing tek vi tak i det, og snakkar med barna og foreldra om korleis vi best mogeleg kan løyse det. Dinoskulen og Duå er aktive program som lærer barna å vere saman på ein god måte. Nokre veker kvar haust har vi venskap som tema.



## Omsorg, leik, læring og danning

### **Omsorg**

Barnehagen har som primær oppgåve å gje omsorg og tryggleik og sjå til at barna blir sett, høyrd og respektert som ein skilde individer. Omsorg skal prege alle sider ved kvardagen i barnehagen. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og omsorgen barna har for kvarandre. Intensjon er å sjå barnet, stadfeste det og følgje med på utvikling av

trivnad, tryggleik og det å høyre til. Moglegheiten for å kunne gje og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og er eit viktig bidrag i utviklinga av empati.

Barna viser og omsorg for kvarandre.

- Personalet: vektlegg å vera til stades og vera vaksne som stadfester og rettleiar barnet.
- har fokus på empati, omsorg og venskap i kvardagen.
- skal vere gode rollemodellar.

Barna:

- skal oppleve relasjonar prega av nærleik og innleving
- skal bli sett og høyrd
- skal bli inkludert i fellesskapet
- skal oppleve tryggleik
- skal få kvile i kvardagen

## Leik og læring

Gjennom leik og samhandling med andre barn utviklar barnet kompetanse. Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik,venskap og barna sin eigen kultur.

Det skal leggjast vekt på sosial og språkleg samhandling. Det skal vere rom for leik både inne og ute. I samspelet mellom barn -barn og barn –vaksne legg vi grunnlaget for læring og sosial kompetanse. Barn lærer i alle situasjonar. Dei opplever og erfarer i planlagde aktivitetar og i kvardagsaktivitetar.

Personalet:

- skal vere rollemodellar og leggje til rette for ein allsidig og variert leik i eit inkluderande miljø
- skal leggje tilrette leikearealet utifrå barna sine interesser, og utvide leiken.
- skal delta for å støtte, oppmuntre, observere og inspirere til god leik og læring
- skal leggje til rette for at alle barn får delta i leik utifrå egne føresetnadar.

Barna:

- skal få oppleve å vere i leiken og utvikle venskap, også på tvers av avdelingane

- skal få delta i leiken og få vener. Venskap er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt. Altså, leikande glade barn.

## Danning

Definisjon på danning: *sette barna i stand til å tenke selv, søke kunnskap, reflektere over og vurdere vedtatte sannheter, stille spørsmål og yte motstand på egenes og andre sine vegne.*

(Anne Scheldrup)

Barn skal oppmuntrast til å få eit godt sjølvbilete, og dei skal ha eigne meiningar. Barnehagen skal gje dei eit godt grunnlag for vegen vidare i livet. Barnet skal vite at dei høyrer til eit fellesskap. Barnehagen skal oppmuntre barnet til å vere nysgjerrig på omverda og sjå seg sjølv som verdifullt i eit større fellesskap.

*Alle barna skal kunne formidle sine ønskjer og meiningar ut i frå sin ståstad i eit inkluderande fellesskap.*

Personalet skal:

- vere gode rollemodellar som hjelper og rettleiar barna i kvardagen.
- vise omsorg, respekt og forståing for kvart einskild barn.
- vere lydhør, vise interesse og skape rom for samtalar og refleksjon
- utfordra barnet til å tenkje sjølv; stille spørsmål, la barna tenkje på moglege løysingar og at det finns fleire svar
- bruke humor i samspel med kvarandre
- løfte fram ulikskapar og nyansar som ein del av fellesskapet
- vere med i leiken og ta ansvar for å fremje det einskilde barnet
- bruke den felles plattformen vår: Duå og Cos i kvardagen

For å nå målet vårt for danning skal barnehagen:

- Ha små og store samlingsstunder der barna kan snakke om kva som opptek dei, syngje saman og/eller åleine om dei vil.
- Øve på å lytte til kvarandre.
- La barna ta del i det praktiske arbeidet i kvardagen (til dømes vere medhjelpar).

- Lage opplegg med tema som barna er opptatt av.
- Ha eit leikemiljø der alle har nokon å leike med - vaksne eller barn.
- Ha barnesamtalar/barneintervju åleine eller i smågrupper, der barna blir utfordra til å grunngje kvifor dei meiner det dei seier.
- Bruke Duå; løyse problem, sette ord på og meistre ulike kjensler hos seg sjølv og andre.
- Bruke visuelle verkemidler som vignetter, bilete, handdukker, rollespel med meir som utgangspunkt for samtale, refleksjon og vurdering av ulike forslag.
- Bruke naturen som illustrasjon for å fundere over/forstå større samanhengar, til dømes ulike økosystem der ulike element er avhengige av kvarandre for å fungere.

## Barns medverknad

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn. (barnehageloven §3)*

I følgje FNs barnekonvensjon har barna rett til å seie si meinig, og rett til å bli høyrd. I vårt land må alle få oppleve å vere ein del av eit demokrati - alle si meinig er like verdfull. Barna skal oppleve å verte høyrd, men må og lære at ein ikkje alltid kan få oppfylt ønskja sine.

Vi vaksne skal vere bevisste på dei ulike uttryksformene til barna, både verbale og non verbale, for å gi dei høve til å delta aktivt gjennom kvardagen.

For dei yngste barna, 1-3 år, lagar vi til det fysiske miljøet med leikar lett tilgjengeleg slik at dei sjølv kan velgje det dei vil leike med. I samlingsstunda lar vi dei gjerne trekkje ein gjenstand slik at dei sjølv er med på å medverke til innhaldet i samlinga. Vi observerer og ser på responsen om det engasjerer barna.

For dei større barna ønskjer vi at dei skal få vere med å leggje opp delar av dagen sin, velje kva dei vil leike og med kven. Barna skal få vere med å delta i det praktiske arbeidet på avdelinga. Vi kan lage tankekart saman med barna over kva vi skal gjera og vere med å finne løysingar saman når vi har eit problem eller ei oppgåve vi må løyse. Vi filosoferer over det som opptek barna og

samtaler om korleis dei opplever dagen. Med utgangspunkt idet barna treng og deira interesser, legg vi vidare planar og legg tilrette det fysiske miljøet.

## Samarbeid mellom heim og barnehage

### Foreldresamarbeid

Vi ønskjer å sikre ei felles forståing og godt samarbeid mellom heim og barnehage. Føresette skal kjenne seg trygge på at personalet ivaretar barnet deira på ein aktiv måte. For å få dette til er det viktig med:

- Startsamtale.  
Alle får tilbod om startsamtale i løpet av dei første vekene i barnehagen.
- Dagleg kommunikasjon med føresette i bringe- og hentesituasjoner.  
Her har ein høve til å utveksle informasjon kring barnet. Det kan dreie seg om søvn, mat, leik eller generell informasjon.
- Foreldresamtalar haust og vår, og elles ved høve.  
I desse samtalanene har ein gode høve til å utveksle informasjon kring barnet. Det er viktig at barnehage og heim har god kjennskap til kvarandre og at barnet opplever ein samanheng mellom barnehage og heim. Gjennom samtalanene finn vi ut saman korleis barnehagetilbodet blir best for barnet.
- Foreldremøter om hausten. Her blir det informert om barnehagen sine målsetjingar jfr. Barnehagelova og Rammeplanen og arbeidet på avdelinga. Vi vil sikre at foreldra får høve til aktivt å påverke kvardagen til barnet. Dette gjer vi ved at foreldre kan koma med innspel til aktivitetar og tema i barnehagen.
- Vi har brukerundersøkingar annakvart år, og saman med samarbeidsutvalet veljer vi ut kva barnehagen skal forbetre seg på.
- Vi ønskjer at foreldra skal sjå kva barna opplever i kvardagen gjennom daglege referat og bilete på fotorammene i gaderoben. Bileta er også til stor glede for barna. Det blir lagt ut bilete av turar, aktivitetar, leik og felles opplevingar i kvardagen.
- Periodeplanar blir delt ut til foreldra ein gong i månaden. Desse inneheld tema vi jobber med og informasjon som gjeld avdelinga, som for eksempel turar, bursdagar og temaarbeid.
- I barna sine permar blir det dokumentasjon av aktivitetar, festar, bursdagar og morosame hendingar og tema. Barna har stor glede av å sjå i permen.

## Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ samansett av to foreldre/føresette, to tilsette og styrar i barnehagen. SU skal ivareta samarbeidet mellom barnehage og foreldre, og ta opp saker som er viktig for innhaldet i barnehagen og tilhøvet til foreldra som har noko å seia for barna sin kvardag. Representantane kan gi råd og kome med innspel, og skal arbeide for å finne felles løysingar til beste for barnehagen.

Som kontaktskapande organ skal SU arbeide aktivt for å setje i gang tiltak som kan skape kontakt mellom dei ulike partane som er knytt til barnehagen, for eksempel temakveldar og ulike markeringar.

## Foreldrerådet

Foreldrerådet er foreldra i barnehagen, og skal sikre et godt samarbeid mellom heim og barnehage, med fokus på å skape eit godt miljø basert på felles interesser.

## Brukarundersøking

Det blir gjennomført brukarundersøking annakvart år i barnehagen. Brukarundersøkinga gjev barnehagen ein indikasjon på område som er bra, eller som vi må jobbe vidare med. Resultatet blir gjort kjend først for personalet, før det blir tatt opp i SU. Her blir ein enige om kva ein vil satse på i komande periode. Avgjerda blir gjort kjend for foreldra på foreldremøte.

## Overgangar

### Oppstart i barnehagen

At barnet får ein god start i barnehagen er viktig for trivsel og tryggleik. Barnet skal bli trygt i høve til dei vaksne og barna på avdelinga/huset. Det første møtet med barnehagen får foreldra gjennom eit velkomstbrev som blir send til heimen. Nye barn og foreldre blir invitert på besøk før ein begynner.

Småbarnsavdelinga er ofte den første arenaen barna møter utan foreldra. Brubygginga mellom heim og barnehage er difor særst viktig.



Det blir laga ein plan med personalet på avdelinga for at barnehagestarten skal bli god. Vi råder foreldra til å setje av god tid til tilvenning, då det er individuelt kor lang tid det tek for å bli trygg. Tilvenninga fortset sjølv om foreldra ikkje lenger er i barnehagen.

I Ågotnes barnehage legg vi vekt på at barnet blir først kjend på avdeling si, og etterkvart med andre barn og vaksne på huset.

Det vil bli gjennomført «startsamtale» i løpet av dei første vekene. Dette er for å få meir informasjon om barnet og utveksle felles erfaringar. Mange av barna har ikkje verbalt språk. Derfor vert det stillt større krav til personalet og foreldra for at overgangen heim - barnehage blir så smidig som mogeleg.

## Overgangen frå liten til stor avdeling

Vi vil gjere denne overgangen til det beste for barnet. Dette gjer vi ved å:

- Besøke den avdelinga barnet skal begynne på.
- Bli kjende med barn og vaksne på avdelinga barnet skal begynne på.
- Invitere med på samlingar og til lunsj på avdelinga dei skal begynne på.
- Informera foreldra i forkant om avdelinga barnet skal begynne på.
- Samarbeide med foreldra i denne prosessen.
- Motta velkomstbrev frå den nye avdelinga.

## Overgang frå barnehage til skule

Vi følgjer planen som kommunen har utarbeida:

- [Overgang barnehage - skule - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](http://oygarden.kommune.no)
- Barnehagen skal førebu barna på skulekvardagen. Dette gjer vi mellom anna gjennom Dino-skulen.
- Vi skal leggje tilrette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehage og skule.
- Vi vidareformidlar informasjon om barna til skulane dei skal byrje på, ved å gjennomføre overføringsmøter om våren.
- Leggje tilrette for at barna som skal gå på same skule vert kjende gjennom Dino-skulen og besøk på tvers av avdelingane.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

### Planlegging

Kvar haust vel vi satsingsområde for det komande året (del 2 Årets tema)

Kvar avdeling lager periodeplaner og vel tema ut i frå satsingsområdet. I den meir detaljerte planlegginga på avdelingene tek vi utgangspunkt i barna sine interesser, alder og trekk inn fagområda. Periodeplanen har eit startstidspunkt, og vi held på så lenge som temaet er interessant i barnegruppa. Årlege aktivitetar og tradisjonar blir tatt omsyn til i planlegginga.

### Dokumentasjon

Vi dokumenterer gjennom daglege referat frå avdelingane, og nye bilete jamleg på skjermene i garderoben frå aktivitetar, leik, morosame augneblink, kvardagen og turar. Barna har kvar sin perm som det samlast teikningar i, tema, gode historiar, tekstar og bilete. Frå temaarbeidet lagar vi utstillingar i barnehagen. Vidare har vi eigne permar der planar, referat og vurderingar blir samla.

### Vurdering

Planane og verksemda vert evaluert gjennom året på ulike møter, slik at vi fører vidare det som er bra og endrar det som trengs. Etter at vi har hatt faste tema, festar og aktivitetar gjennom året, evaluerer vi kva som er bra og kva vi må endre til neste gong. Kvart år skal vi vurdere spesielt om vi når dei måla vi har sett oss i høve til årstema. Utifrå dette vert nye planar lagt.

Det skal settast av tid til refleksjon og å dele erfaringar på tvers av avdelingane frå det pedagogiske arbeidet. Heile personalgruppa deltek i dette arbeidet.

Foreldra deltek gjennom brukarundersøkingar annakvart år, evalueringar gjennom året og i foreldresamtalar.

Vi observerer og har samtalar med barna om deira opplevingar i kvardagen.

	<b>Kven skal delta</b>	<b>Kva er målet</b>	<b>Når</b>	<b>Korleis gjennomføre</b>
<b>Satsnings området i år</b> sjå årstema- dette har vi spesielt fokus på dette året	Personalet, barn og foreldre	Er måla nådd  Dukka det opp utfordringar Syns barn/vaksen dette er kjekt  Lærte vi noko  Vegen vidare.	Undervegs i året  Jan og juni felles: kor langt er vi komne.  Haust og vår	På avdelingsmøter og leiarmøter  Personalmøter Barneintervju/samtale med barna observasjon,  Foreldresamtalar og tilbakemelding frå foreldra
<b>Trivsel hos personalet</b>	Personalet	Vi jobber godt i lag og trivest i bhg	Haust  Vår	Personalmøte  Medarbeidersamtale Kommunal kartlegging kvart 2.år
<b>Brukar - medverknad</b>	Foreldre         Personal	Får vi foreldra meir involvert i bhg dagen?  Kva er bra- kva saknar foreldra?	Vår    Vår/haust	Brukerundersøking annakvart år  To område jobbes ekstra med i samarbeid med Su Foreldresamtalar Ulike møter

## Personalsamarbeid

Gjennom året har vi faste møter som vert brukt til informasjonsutveksling, vurdering, samarbeid og opplæring, for at barnehagen vår skal vere ein god plass for barn og vaksne.

- Pedagogisk leiarmøte ein gong i veka
- Avdelingsmøter to gonger i månaden
- Personalmøter/planleggings dagar ein gong i månaden
- Samarbeidsmøter

## Barn som treng ekstra støtte.

Barnehagen samarbeider med ulike instansar som PPR, barnevern og helsesøster for at alle skal få den hjelpa dei har krav på i det daglege. Vi legg tilrette for at barna skal ha ein positiv barnehagekvardag saman med alle barn og vaksne. Vi tilpasser det fysiske miljøet og bruker ein del smågrupper til ulike formar for leik og aktivitet.

## Arbeidsmåtar og fagområda

I leik og planlagte aktivitetar skal barna få kunnskaper og ferdigheiter om dei ulike fagområda som rammeplanen skisserer. Kvart år vel vi ut område som vi arbeider spesielt med. Dette finn ein meir om i delen for årstemaet. Kvar avdeling lagar sine tankekart når dei held på med eit tema. Nokre fagområde vil alltid gå som ein raud tråd gjennom arbeidet vårt. Vi varierer korleis vi arbeider med dei ulike fagområda utifrå tema, alder, interesser og behov i barnegruppa.

## Fagområder og dei ulike aldersgruppene

Dei fleste barna byrjar i barnehagen frå eittårsalder av. Alle barna skal få oppleve meistring i kvardagen og noko å strekkje seg etter. Etter kvart som dei blir eldre, skal ein legge tilrette for nye opplevingar og erfaringar, det skal vere ein progresjon i arbeidet vårt. Tabellen viser korleis vi tenkjer oss at vi arbeider med fagområda. Måla kan vere dei same for ulike aldersgrupper, men metoden kan variere.

Kunst, kultur og kreativitet		
Rammeplanen seier: <i>«Barnehagen skal la barna møte ulike kunstneriske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar».</i>		
Alder	Mål	Metode
1-2 år	Barna skal bli kjende med ulike kulturar.  Barna skal erfare gjennom sansing. Møte musikk, drama og forming	Sang, film, bilete, forteljingar, mat og dramatisering.  Bruke ulike formingsmateriale. Bruke kjende eventyr; fortelje, dramatisere og syngje
3-4 år	Barna er kreative i sin fantasi, tenkjing og skaparglede.  Barna skal få erfaring med ulike formingsmaterialar.	Rolleleik og dramatisering.  Finne fram ulike formingsmateriale.
5-6 år	Motivere til å uttrykkje seg Oppmuntre til å finne egne uttrykksmåtar  Kjenne seg glad og stolt over eigen kulturell tilhøyring	Synge sangar på ulike språk.  Jobbe med solidaritesarbeid

Kropp, rørsle, mat og helse		
Rammeplanen seier: <i>«Barnehagen skal legge til rette for rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psysisk helse. Barna skal inkluderast i aktiviteter dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader».</i>		
Alder:	Mål:	Metode:
1-2 år	Lære god hånndhygiene.	Rein hånnd prosjektet i starten av barnehageåret.  Vaske hender før og etter kvart måltid, og etter utetid og toalettbesøk.  Tilby eit sunt og variert kosthald.

	<p>Kunne ete et variert kosthald med grønnsaker og frukt.</p> <p>Bruke kroppen i aktivitet ute og inne.</p> <p>Gode og varierte erfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar</p> <p>Få kjennskap til menneskekroppen.</p>	<p>Gjere måltidet til ei god oppleving.</p> <p>Følgje retningslinjene frå helsedirektoratet om bra mat i barnehagen.</p> <p>Gje rom for motorisk tumleleik, leike på tumlerommet</p> <p>Variere leik ute.</p> <p>Oppmuntre og rose ved meistring.</p> <p>Snakke om kroppen og sette namn på kroppsdelar.</p>
3-4 år	<p>Lære god håndhygiene.</p> <p>Kunne ete et variert kosthald med grønnsaker og frukt.</p> <p>Bruke kroppen i aktivitet ute og inne</p> <p>Vidareutvikle motorikken.</p> <p>Bli kjend med kroppen og bli bevisst på egne og andre sine grenser.</p>	<p>Vaskesanger -&gt;lære å vaske hender</p> <p>Matlaging</p> <p>La barna delta i matlaging.</p> <p>Samtale rundt mat og kva som er bra for kroppen.</p> <p>Leike på tumlerommet.</p> <p>Bruke naturen ute, både på tur og i leik på leikeplassen.</p> <p>Gjennom samtale og bøker.</p> <p>I leik.</p>
5-6 år	<p>Forståing for betydning av sunt kosthald</p> <p>Førstehjelp</p> <p>Bruke kroppen i aktivitet ute og inne.</p>	<p>Samtale rundt mat og kva som er bra for kroppen.</p> <p>Gjennom samtale og bøker.</p> <p>I leik.</p>

	<p>Bli kjend med kroppen og bli bevisst på egne og andre sine grenser.</p> <p>Lære om kjensler og få reiskaper til å løyse konflikhtar.</p>	<p>Gjennom samtaler, bøker og Dino- skulen</p>
--	---	--

Kommunikasjon, språk og tekst		
<p>Rammeplanen seier: «<i>Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid</i>».</p>		
Alder:	Mål:	Metode
1-2 år	<p>Rikt språkmiljø</p> <p>God språkforståing.</p> <p>Utvikle eit verbalt språk.</p> <p>Skape eit godt språkmiljø.</p>	<p>Vi vaksne bruker språket aktivt.</p> <p>Set namn på/ skildrar det daglege.</p> <p>Sang, rytme og rørsle</p> <p>Lese bøker</p> <p>Fortelje/ dramatisere eventyr</p> <p>Rim og regler</p>
3-4 år	<p>Bruke språk som uttrykksform</p> <p>Konfliktløysing og gode relasjonar</p> <p>Møte tal, bokstavar og symbol</p> <p>God språkforståing.</p> <p>Bruke språket som uttrykksform.</p> <p>Få eit rikt ordforråd.</p> <p>Skape eit godt språkmiljø</p> <p>Synleggjere språkleg og kulturelt mangfald</p>	<p>Vi vaksne bruker språket aktivt.</p> <p>Skildrande kommentarar.</p> <p>Sang, rytme og rørsle</p> <p>Lese bøker</p> <p>Fortelje/ dramatisere eventyr</p> <p>Rim og regler</p> <p>Synge sangar på ulike språk</p>

5-6 år	<p>Lydar og rytme i språket</p> <p>Tekstskaping og munnleg forteljing</p> <p>Kjenne igjen namnet sitt</p> <p>Skape eit godt språkmiljø.</p> <p>Bli nysgjerrig på skriftspråket</p> <p>Synleggjere språkleg og kulturelt mangfald</p>	<p>Samtalar.</p> <p>Barn og vaksne lagar og fortel eventyr saman.</p> <p>Høgtlesing med fortsetjing.</p> <p>Ellingar</p> <p>Sangleikar</p> <p>Leggje tilrette for utforsking av skriftspråket ved å ha bokstavar tilgjengeleg, leik med bokstavar i til dømes puslespel, i naturen.</p> <p>Oppmuntre til å skrive namnet sitt.</p> <p>Syngje songar på ulike språk</p>
--------	--	--

Mengde, rom og form		
Rammeplanen seier: « <i>Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge tilrette for at barna skal utforske og oppdage matematikk i dagliglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølvje vere kreative og skapande</i> ».		
Alder:	Mål:	Metode
1-2	<p>Bruke kroppen og sansane i utforsking.</p> <p>Bli kjend med former</p> <p>Bruke rommet</p>	<p>Leik</p> <p>Eventyr</p> <p>Leggje tilrette rommet.</p> <p>Leike med klossar og puslespel.</p> <p>Sortere og rydde</p>
3-4	<p>Leik med form, mønster og tal</p> <p>Gjere seg erfaring med teljing</p> <p>Gjere seg kjend med omgrep som under, over, mellom, kort, liten stor, lang</p>	<p>Leik/ Butikkleik</p> <p>Bruk av naturmateriale og leikar.</p> <p>Dekke bord og matlaging</p> <p>Telje til ti og til 5 på ulike språk</p> <p>Hinderløype i skogen og på tumlerom</p>



	Sammenlikne og sortere	Bruk av naturmateriale
5-6	<p>Bli kjend med ulike matematiske omgrep som geometriske former - sirkel, kvadrat, retangel, trekant, femkant og sekskant.</p> <p>Leike og bli kjend med ulike mønster og måling</p> <p>Løyse matematiske problem /logisk tenkning</p>	<p>Spel, klossar, teikne osv</p> <p>Leite etter former i skogen, på leikeplassen og i trafikken</p> <p>Lage med kroppen til dømes firkant</p> <p>Perle etter mønster, lage egne mønster</p> <p>Samtale og undring over til dømes eldst og størst.</p> <p>Tal er lik mengd</p> <p>Ipad – matematiske spel og program</p>

Nærmiljø og samfunn		
Rammeplanen seier: « <i>Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjoner, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrslø til nærmiljøet</i> ».		
Alder:	Mål:	Metode
1-2 år	<p>Få opplevingar</p> <p>Vere ein del av ei gruppe</p>	<p>Korte turar utanfor gjerdet.</p> <p>Gå i skogen.</p> <p>Utforsking og leik på leikeplassen.</p> <p>Besøk på Kvednatunet og sjå pepparkakeutstillinga.</p>
3-4	Gå på lengre turar ut av barnehagen	<p>Besøk på Kvednatunet og sjå på pepperkake -og engleutstilling.</p> <p>Gå på butikken</p>

	<p>Bli kjend med trafikkreglar</p> <p>Markere samefolketsdag 6. feb.</p> <p>Bli kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer</p> <p>Kjennskap til barns rettigheter</p>	<p>Bruke idrettsanlegget og klatrevegg på ungdomskulen</p> <p>Bruke skogen til leik og aktivitetar</p> <p>Snakke om korleis vi skal gå langs veien..</p> <p>Samling, song, forteljing og mat</p> <p>Bøker, film og samtale</p>
5-6 år	<p>Delta på lengre turar og utflukter</p> <p>Lære trafikkreglar</p> <p>I kvardagen skal alle få erfare og like høve til å delta (demokrati)</p> <p>Markere samefolketsdag 6. februar</p>	<p>Opning av Pepparkakeutstillinga på Kvednatunet</p> <p>Gå på butikken</p> <p>Brannvernopplæring på Brannstasjonen på Ågotnes. (dei eldste)</p> <p>Finne våre faste plassar i skogen og gå på oppdagingsturar</p> <p>Dagstur</p> <p>Fokus på skilt og lære om farer i trafikken og kva huske på.</p> <p>Dialog med barna om det dei er opptekne av.</p> <p>Bøker og samtale</p> <p>Dino-skulen</p> <p>Samling , sang, forteljing og mat</p>

Etikk, religion og filosofi		
Rammeplanen seier: « <i>Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståinga for livsverda og levesettet til andre menneske</i> ».		
Alder:	Mål:	Metode:
1-2 år	Lære å vere saman på ein positiv måte  Gi barna gode opplevingar med jule- og påsketradisjonar	Vaksne som rollemodellar  Leik  Korte samlingar  Enkle songar  Bilete som illustrerer høgtider
3-4 år	Samarbeide og løyse konflikter.  Utvikle interesser og respekt for kvarandre.  Bli kjende med kristne høgtider  Bli kjende med religionar og livssyn i barnegruppa	Duå prinsipper  Samtale  Leik  Samlinger, aktivitetar og forteljingar i høve til jul og påskehøgtider  Samlingsstund, historiar, utstilling, bilete
5-6 år	Utforsking og filosofering over kva barna er opptekne av.  Ulike måtar å forstå ting på og leve saman på.  Samarbeide og løyse konflikter  Utvikle interessar og respekt for kvarandre  Bli kjende med kristne høgtider, religionar og livssyn i barnegruppa	Samtale i små grupper og i samlingar.  Stille spørsmålet «kvifor er det slik»?  Undre seg saman med barna  Dino-skulen  Påskevandring og besøk før jul i Landro kyrkje  Samling, historiar, utstilling, bilete

Natur, miljø og teknologi
Rammeplanen seier: « <i>Barnehagen skal bidra til at barna skal bli glade i naturen og få erfaringer med naturen som fremjar evner til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider</i> ».

<i>Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitenskapelige fenomen».</i>		
Alder:	Mål:	Metode:
1-2 år	Barna skal få gode opplevingar i naturen året rundt. Samt bli kjend med ulike årstider. Eksperimentere	Bruke skogen innanfor gjerdet, etterkvart utvide til å gå på tur i skogen  Sandkasseleik
3-4 år	Barna skal kjenne glede av å ferdast i naturen  Barna skal få innsikt i natur, miljø og samspelet i naturen (naturens økosystem)  Eksperimentere	Gå tur i skogen og ete maten sin ute. Bruke skogen i nærleiken, for å sjå på endringar som skjer i løpet av året. Ta med enkelt utstyr på tur som til dømes boks til å samle i, lupe og pinsett. Kjeldesortering på avdelingane Lage f.eks papirfly og dragar
5-6 år	Barna skal få ei forståing for berekraftig utvikling  Barna skal få kjennskap til naturens mangfald.  Eksperimentere	Ta med oss bosset tilbake til barnehagen etter tur. Bruke gjenbruksmateriale i formingsarbeidet og i leiken  I barnehagen: jobbe med kjøkkenhagen I skogen: sanke inn ulike plantar og bær. Bossrydding om våren og når vi er på tur Fysikkeksperimenter

## Digital praksis

Digital kompetanse er blitt ei basisferdighet i samfunnet vårt. I barnehagen skal vi sørge for at barn får byrjande digital kompetanse. Digitale verkty kan gje ein annan innfallsvinkel til leik og læring.

- Digitale verkty som iPad og pc kan brukast som ein arbeidsmetode, til dømes i temaarbeid og språkstimulering. Vi har iPad på alle avdelingane. Ipad skal bidra til å utvikle barnas leik, kreativitet og læring.

Han kan til dømes brukast ved å finne lydar, høyre musikk, forteljingar, lage film saman med barn, eller ved å bruke pedagogiske spel og programvarer som bidrar til å utvikle barna sitt språk og ferdigheiter på ulike områder.

- Dei vaksne skal være aktive med barna når digitale verktøy vert brukt, og skal veilede barna. Dei vaksne utøver digital dømmekraft, og ser til at bruken av digitale verktøy sker på ein hensiktsmessig måte tilpassa barnas alder, der barna får leike, lære og skape.
- Vi nyttar og Salaby, eit «digitalt læringsunivers» for barnehage.

## Dagen vår

07.00	Barnehagen opnar Roleg leik på tvers av avdelingane
Ca 08.00 /8.30	Frukost
09.00-1130	Leik/samling/aktivitet/tur /temaarbeid
Ca.11/11.30	Lunsj Leik inne /ute på tvers av avdelingane/soving og kvile
Ca.14/14.30	Frukt Leik inne /ute på tvers av avdelingane
17.00	Barnehagen stengjer.

Kvar avdeling har sine rom som består av et stort og et lite rom der har ein samling, et måltida, og er den enkelte avdeling sin plass.

I tillegg har vi ulike rom i barnehagen som vi kan nytte i løpet av veka. Formingsrommet, tumlerommet, fellesrommet/kjøkkenet og biblioteket/spelrommet. Vi samarbeidar på tvers av avdelingane morgon og ettermiddag. Dette gjev gode høve for leik blant vener.

Vi et lunsj avdelingsvis. Under dei andre måltida (frukost og frukt) er det rom for å gå på besøk på dei andre avdelingane.

I tida frå kl. 900-1130 gjer vi planlagde aktivitetar utifrå tema som står på planen, og aktivitetar med innspel frå barna. Avdelingsvis eller saman med andre avdelingar.

Ein fredag i månaden er det fellessamling, der personalet har ansvar for samlinga saman med barna.

## Bursdagsfeiring

Barnet er i fokus. Flagget blir hengd opp ved inngangsdøra og biletet av barnet som har bursdag blir hengd opp i garderoben. Barnet er med og pyntar krona si. Bursdagsamlinga er samlinga der barnet får vere midtpunktet. Barnet får krone, vi syng bursdagssong og har andre faste bursdagsaktivitetar. Barna får kompliment på bursdagskortet sitt.

## Dei eldste (Dinobarna)

I Ågotnes barnehage kaller vi dei eldste barna for Dinobarna. To dagar i veka er alle dei eldste saman i Dinoskulen. Dinoskulen er eit DUÅ -program for førskulebarna som har som mål å styrkje barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse, samt å styrkje barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring. Dei vert og betre kjende med dei som går på andre avdelingar.

## Dinoskule

Dinoskule hver tirdag og onsdag formiddag, for de eldste barna i barnehagen.

Tema på Dinoskulen:

- Bli kjent med og sette ord på kjensler hos seg sjølv og andre
- Problemløysing
- Sinnemeistring
- Vente på tur
- Dele
- Hjelp andre
- Samarbeide
- Korleis få og behalde vener
- Gode og vonde hemmeligheter
- Gje og få kompliment
- Bruke dino-reglane ( lytte, følgje med, hender og føter for seg sjølv, innestemme, stille hand)

Dette gjer vi gjennom:

- At dinobarna samlast to ggr i veka
- Bruk av store handdokker som støtter opp under tema (kapittel)
- Samtale omkring filmsnutter
- Song

- Rollespel
- Leik
- Gruppeaktivitetar med “friminutt”.
- At temaene er synlig på avdelingane gjennom plakatar
- At vi bruker metodene i det daglige t.d. problemløysing og avslappingstermometer.
- Avslutning med foreldre, der vi viser det vi har lært og jobba med gjennom året.

### Andre aktivitetar i løpet av året:

- Førstehjelp med opplegg om Henrik fra Røde kors
- Besøk på brannstasjonen for førskulebarna våren 2024
- Avslutning der vi er i barnehagen om kvelden fra kl. 18-20 (mai/juni)
- Kyrkjebesøk jul og påske
- Felles dagstur
- Vi skal prøve å gjennomføre sykkeldag

## Aktivitetar og tradisjonar i Ågotnes barnehage

MÅNAD	Aktivitetar og tradisjonar i barnehagen	Aktivitetar og tradisjonar med foreldre
AUGUST/ SEPTEMBER	Tilvenning- nye barn Bli kjend; meg og min barnehage, reglar og rutinar Brannvernveke Natursti Duå-regler	Samtale med nye foreldre Foreldremøte
OKTOBER	Refleksdagen Haustfest – haustens grøde	Foreldresamtaler
NOVEMBER	Solidaritetsarbeid	Foreldrekafe med solidaritetsinnslag Foreldresamtaler

DESEMBER	Dagleg adventstund / juleaktivitetar Felles advents-samling kvar måndag Nissefest for barna, baking Pepperkakeutstilling på Kvednatunet. Dei eldste deltar på samling i Landro kyrkje.	Lucia
JANUAR	Vinterfest	
FEBRUAR	Karneval, Samefolkets dag, fastelavn	Førebu overgang barnehage-skule
MARS/APRIL	Påskeførebuing, påskevandring for dei eldste i Landro kyrkje	Foreldresamtalar
MAI	Idrettsdag «17- maitog dagen før» Dinoavslutning for førskulebarna	Foreldresamtalar
JUNI	Avslutning for førskulebarna	Sommarfest med foreldre Foreldremøte for nye barn
JULI-AUGUST	Sommarbarnehage	Feriestengd barnehage veke 30-31 2024

### Fellessamling

Vi har fellessamling ein fredag i månaden, ansvarlig avdelingane kvar sin gong. Samlingene skal innehalde sang, musikk, bevegelse, drama. Målet er at avdelingane skal få vise kvarandre kva dei er opptatt av, og synleggjere si avdeling. Nokre gongar er det dei vaksne som viser noko, andre gonger er det barna. Barna får med det ei god øving i å opptre framfor mange, noko som dei kan ha nytte av seinare.



## Vurdering

Vi vil vurdere måla som vi har satt i forhold til fokusområdet.

Dette vil vi gjøre gjennom:

- Personalet evaluerer og deler erfaringer på ulike møte.
- På planleggingsdagar i januar og juni 2024 har vi felles oppsummering og evaluering av fokusområdet.
- Gjennom året vil vi ha samtaler med barna, praksisforteljing og observasjon av barna med ei oppsummering i mai 2024
- Punkt på foreldresamtalar våren 2024, korleis har foreldrene opplevd fokusområdet vårt?

Meir detaljerte planar for det einskilde året er i del 2- Årstema